

# **INSTRUKS FOR VALKOMITÉEN I MOSTER 2024 AS**

Vedteke av generalforsamlinga på stiftingsdato den [\[velg dato\]](#)

---

## **1 MANDAT**

- 1.1 Valkomiteen sitt mandat er å gje tilråding om val av styreleiar, styremedlemmar og varamedlemmar i Moster 2024 AS. Valkomitéen skal velje eit breitt samansett styre, som i tillegg til representantar frå eigarane skal ha styremedlemmar med god kompetanse frå kultur og næringsliv.

## **2 SAMANSETJING, VAL OG GODTGJERSLE**

- 2.1 Valkomiteen skal ha tre medlemmar.
- 2.2 Valkomiteen blir valt av generalforsamlinga i Moster 2024 AS.
- 2.3 Valkomiteen sine medlemmar, inklusiv valkomiteen sin leiar, veljast av generalforsamlinga for to år om gongen.
- 2.4 Maksimale år i Valkomiteen er to periodar, dvs. 4 år.
- 2.5 Valkomiteen gjev innstilling til godtgjersle til styret sine medlemmar. Godtgjering til medlemmane av valkomiteen vert fastsett av generalforsamlinga.

## **3 SAKSHANDSAMINGSREGLAR**

- 3.1 Valkomiteen sin leiar kallar inn til møter.
- 3.2 Valkomiteen er slutningsdyktig når alle tre medlemmar er saman samstundes.
- 3.3 Valkomiteen skal innstille til alle dei val som i samsvar til vedtektena skal takast opp på generalforsamlinga. Valkomiteen skal sikre at vedtektsfesta krav til styret sin samansetning til ein kvar tid blir overhaldt.
- 3.4 Valkomiteen skal spørje noverande styremedlemmar og varamedlemmar om desse er interessert i å la seg velja på ny eller ikkje, slik at dette kan informerast om saman med innstillinga til generalforsamlinga.
- 3.5 Valkomiteen skal i forkant av innstillinga innhente den informasjon om kandidatane som er naudsynt for å sikra at aktuelle kandidatar har tilstrekkeleg kompetanse og kvalifikasjonar for vervet. Når ein skal velje kandidatar til styret, skal valkomiteen også kartlegge styret sin samla kompetanse.
- 3.6 Ein av kandidatane skal vera frå styret/administrasjonen i Moster amfi og kyrkjehistoriske senter AS, men elles står valkomiteen fritt i sitt arbeid med å vurdera aktuelle kandidatar. Sitjande valkomitémedlemmar kan ikkje føreslåast til verv. Valkomiteen skal i si innstilling berre fremja individuelle kandidatar. Alle kandidatar skal være spurt på førehand.
- 3.7 Valkomiteen si innstilling skal innehalde ein omtale av dei aktuelle kandidatane.

- 3.8 Valkomiteen skal legge fram si endelege innstilling 1 månad før generalforsamlinga skal haldast.
- 3.9 Valkomiteen si innstilling skal, saman med andre sakspapir til generalforsamlinga, gjerast tilgjengeleg for generalforsamlinga sine medlemmar seinast 2 veker før generalforsamlinga skal haldast.